



Sund kommune  
Postboks 23  
5371 SKOGSVÅG

Att: kommunalsjef Jon Erik Egeland

Dato: 12.11.2015  
Vår ref.: 2015/6388-28  
Saksbehandlar: elsaaro1  
Dykkar ref.:

## Svar på søknad om deltaking i kartlegging- og utviklingsarbeid om gode lokalsamfunn som fremjar folkehelse

Viser til søknad frå Sund kommune om deltaking i utviklingsarbeid knytt til Nærmiljø og lokalsamfunn i samarbeid med Helsedirektoratet 2015-17. Hordaland fylkeskommune takkar Sund kommune for at de tok dykk tid til å søkje om deltaking i travle sommarmånader. Vi set svært pris på at så mange av kommunane i fylket vårt viste interesse for utviklingsarbeidet.

Frå Hordaland søkte sju kommunar deltaking i prosjektsamarbeidet. Alle søknadane var gode og retta mot utviklingsmåla for prosjektet. Utifrå ein heilskapleg vurdering er fire kommunar inkludert i samarbeidet. Desse kommunane er Stord, Bømlo, Askøy og Fjell.

Hordaland fylkeskommune melder med dette at Sund kommune ikkje får tilbod om deltaking som eksempel kommune. Dette blei også informert om på telefon til kontaktperson Laila Klemetsaune i byrjinga av oktober månad.

Hordaland fylkeskommune fekk endeleg positivt svar om deltaking frå Helsedirektorat den 21.10.15. Som ein del av utviklingsarbeidet på regionalt nivå skal metodar, erfaringar og resultat av arbeidet kome alle kommunane i fylket til gode. Hordaland fylkeskommune vil kome tilbake til tidspunkt for regionale samlingar. Sund kommune vil bli invitert til slike samlingar.

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Else-Marie Brobakke Aarø  
Spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Sund kommune

